

Samandrag av merknader innkomne ifm. Høyring av planforslag Arealdelplan for Nørdalen

Sjå komplette merknader m/ kartsisser og vedlegg i arkivsak 17/434

Rev. 13.06.19.

jnr	brevdato	avsendar	Innspel
64	23.04.2019	Arne Birkevold	Ber om omdisponering frå LNF til fritidsbustad for markert område i kartvedlegg. Ber om fjerning av vegtrase langs H7, då den ikkje er naudsynt men er til stor ulempe. Området er betjent av veg sørvest for denne. Ber om ny kartlegging av rasfare for utbyggingsområder i Nørdalen
65	29.04.2019	Stordal-Norrdal Skogeigarlag	Ber om at skogsvegplan vert innarbeidd i kommunalt planverk, at skogsvegane vert synleggjort i plankartet.
68	30.04.2019	Statens Vegvesen	Ber om omformulering knytt til rekkefølgekrav på side 11 i planomtalen. (det er einigheit mellom kommune og vegeigar at...) Vegvesen ser det ikkje føremålstenleg å stille rekkefølgekrav i arealplan, men at det i tilfelle bør stillast rekkefølgekrav om utbetring av fylkesveg ved reguleringsplan der det viser seg å vere aktuelt. Stordal kommune kan - på visse vilkår - forskottere utbetring av fylkesvegen. (retningslinje 2010). Utbetring av fylkesvegen utover drifts- og vedlikehaldstiltak bør baserast på reguleringsplan jf § 12 i veglova Trafikkregulerande trafikale tiltak på vegen, utover plantiltak i medhald av plan- og bygningslova, må vurderast og avklarast etter regelverket i vegtrafikklova. Rår til å merke dei ulike delområda i plankartet med områdenemning/feltkode Positiv til hovudregel om planskilte kryss skiløype/bilveg og understreker at skilting knytt til kryssingspunkt på vurderast og avklarast i høve regelverk etter vegtrafikklova Frisikt i avkøyrse skal til ei kvar tid oppretthaldast, også vinterstid. Eigar og brukar av einskild eigedom er ansvarleg for vedlikehaldet jf. § 43 i veglova I punkt 1.9 i føresegnene bør det presiserast at det til ei kvar tid er gjeldande rammeplan for handsaming av avkøyrse saker på fylkesveg som skal gjelde.
69	02.05.2019	SIL/Fjellservice	For å sleppe å bygge ny bru for løypemaskin ved Kvitlane foreslår Fjellservice å stoppe skiløypa ved H60, for så å snu og køyre tilbake til HauPe-brua, då utan å køyre over Kvitlen. Alternativt kan det køyrast nedanom/gjennom H60 og rett nord og over brua ved Øyna. Då må denne utvidast i breidda. Fjellservice ser for seg at bygging av overgang/undergang for kryssing av skiløype/bilveg på vestsida av brua gjerast av kommunen eller SIL med spelemidlar.
70	03.05.2019	Cecilie Hestås Hove	Stiller seg positiv til hytteutbygging, men negativ til gondolbane i inneikna trase. Viser til sitat frå fylkesmannen si melding til oppstartsvare: "fylkesmannen føreset at kommunen tek vare på område og korridorar som er viktige for biologisk mangfald, vilt, landskapsopplevingar og friluftsliv" og meiner at det ikkje er tatt hensyn til her. Viser til tidlegare planforslag for Almås vedtatt i Ørskog kommune 24. mai 1974 med innstilling 266/74 og hos Fylkesmannen om m.a. fredning av område/vernet skog. Gondolbygging med tilhøyrande inngrep vil medføre betydeleg skade på plante- og dyreliv og ødelegge området sin bruksverdi knytt til friluftsliv og utmarkshausting, gjennom m.a. å ødelegge jaktfelt Almås Kan ikkje sjå at slik utbygging er et allmenntilgjengelig formål. Ber om at plan for gondol vert tatt ut av arealdelplan i påvente av grundigare utredning av konsekvensar.
71	03.05.2019	Ålesund-Sunnmøre turistforening	Ber om fjerning av trekk i området vest for Auskjeret og Storebottshornet mot Botnastølen då eit slikt anlegg vil medføre stor fare for brukarane grunna komplekst skredterreng, som må vurderast kontinuerleg i små grupper. Ber om at alle skiheiser/trekk vest og sørvest for Auskjeret vert tatt ut av planen. Anbefaler at toppheis til Auskjeret vert tatt ut då det er lett å gå feil der i dårleg sikt, og at det er store skavlar på toppen. Ber om at det vert tatt stilling til risikoen knytt til auka trafikk i skredfarleg terreng sørvest for endestasjonen for dagens topptrekk. Ved vind frå vest er området særst utsatt for skred. Alpinanlegg i nærleiken til Botnastølen og Javollbotnen vil vere ødeleggjande for landskapet som i dag framstår som urørt område. Sterkt i mot ny veg som spelt inn av oppsitar v/ John Helge Larsen då eksisterande veg er godt fungerande og at ny veg vil ødelegge populært leike- og skiområde for barn.
72	03.05.2019	Gunnar Stavseng m/fleire	Traseen er ikkje veg, men tursti. Opparbeiding av nye vegar bør unngåast, og er i dette tilfellet eit heilt unødvendig inngrep i naturen. Kostnader ved å etablere den nye vegen vil bli store då det er eit djupt og vått myrområde og vatn- og kloakkrøyr må flyttast eller sikrast. Ber om at ein i staden fullfører prosessen med å utbetre eksisterande veg.
73	03.05.2019	ProESS for Langsætrane sameige	Ber om at arealplanen opnar for å utvide antall hytter i reguleringsplan for Langsætrane for å kunne etablere "sæterhus"/fritidsbolig på sameiget sin grunn. H1 frå 8 til 10, H2 frå 12 til 14, H3 fra 22 til 24, H4 frå 8 til 10 hytter. 2 nye tomter i kvart av felte H1-4, totalt 8. Har teikna inn forslag til utviding/fortetting av/i felt H1, men ønskjer heller at H1-H4 vert fortetta med 2 tomter kvar for å unngå omfattande planprosess.
74	03.05.2019	Johan Arnt Overøye	Understrekar betydninga av prioritering av Fv 101, då den er naudsynt for utfrakt av hogstmoden skog og all anna aktivitet i området. Vegen burde få fleire møteplassar og vore breiare og dimensjonert for vintervedlikehald. Eksisterande møteplassar er i dag stor grad privatbygd og tenkt som vinterparkering. Ny bru ved Pusken med kapasitet for løypemaskin må prioriterast då eksisterande høyrer til ei svunnen tid. Understreker verdien av utbygging av t.d. H60 mtp å halde oppe viktige funksjonar og næringsliv i lokalsamfunnet i Stordal. Utbygginga vil ha betydelig innverknad på å halde liv i bedriftene, og framtidige hytteigarar vil truleg vere lojale mot bygda, handle lokalt og ellers nytte tenester som Stordal kan tilby. Ser på varig vern som ein veg til "varig attgroing", og stimulering til seterdrift som urealistiske draumar.
75	03.05.2019	Grunneigarar ved Moe & Storheim	Grunneigarane ber om at veg frå Jøsvoll til Mosætra (fram til ytterkant av stølen) vert lagt inn i planen. Vegtraseen er teikna på kartsisse.
76	09.05.2019	Fylkesmannen	Plankart, planomtale og KU må samkøyrast betre, ma. i nemning for dei ulike områda. Planomtalen bør utvidast med nærare vurdering av ulike tema, t.d. overordna vurdering av strategi for hytteutbygging i Nørdalen og plasseringa av skytebane og gondol. Planomtalen bør også ha ei vurdering av tilgjengeleg areal til fritidsbustader, samt behov for nye tomter i neste planperiode, og ber om at dette vert endra til 2. gongs offentleg ettersyn. Ber om at heisanlegga som låg som illustrasjon i forrige plan vert endra frå juridisk bindande til illustrasjon (eller tatt ut). Motsegn: Areal til fritidsbustad på 158/58, trase for gondol må også utgreiast, vegtrase til skytebana. Konsekvensar for miljø- og samfunnsverdiar, og verknader må synleggjerast. Motsegn: Føresegn om utbyggingsavtale må skrivast om då mangel på utbyggingsavtale i seg sjølv ikkje kan vere grunn i seg sjølv for avslag, men må vere heimla i pbl. Motsegn: Auke frå 150/200m2 til 180/250m2 er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Motsegn: Formuleringa av "Deler av enkelte hyttefelt/område kan tillatast utbygd med leilegheiter/rekkehus" må presiserast at det skjer gjennom reguleringsplan. Punkt 1.6 LNF må presiserast nærare mtp kva område det gjeld for, kva som er meint med "ny busetnad" og knytinga til landbruksdrift. Føresegnene må bli meir konkrete og ikkje gje rom for tolking, og ein må unngå ord som "bør", "anbefalt", "skal normalt" dersom det ikkje er retningslinjer, men føresegner. Føresegner til omsynssone i kartet må også inn. Motsegn: viktige og svært viktige naturtypar innanfor området burde visast på plankartet med omsynssone og det bør knytast føresegner som sikrar naturverdiane. Motsegn: Utviding av H79 (v. Nakkesætra). Fylkesmannen hadde i si tid (2008) motsegn til feltet, men vart trekt i meklingsmøte. Området har ikkje eksisterande infrastruktur og vil vere svært krevjande å bygge i. Fylkesmannen har motsegn mot BFR2 mellom anna på bakgrunn av landskaphensyn. Motsegn: BRU1 Fylkesmannen meiner det ligg til rette for utviding som ikkje vil påvirke naturbeitemark, er om at ein trekker seg vekk frå registrert naturbeitemark med forekomst av solblom. (Jon Bjarne Jordal v/ Miljøfagleg utredning AS skal rekartlegge området, og det kan resultere i omklassifisering av området). Motsegn: BSK1 Skytebane, området inneheld også solblom-registreringar, avklaringar knytt til vegtilkomst og støy må gjerast. Kommunen bør ta ein gjennomgang av eksisterande parkeringsplassar og eventuelt legge til rette for utviding der det er ønska eller behov for meir parkering. Ber om omklassifisering av turtrase gjennom Seljebotsmyrane som presiserer at det ikkje gjeld barmark/sommarsesong. Tilrå sikring av ein grønkorridor ved BFR3-BFR6 gjennom kommuneplan.

			Det bør kome fram av planen om/korleis kommunen har vurdert om eksisterande arealbruk kan vere utsett for uønskte hendingar, i tillegg til ny planlagt arealbruk, for mellom anna å endre arealbruk i område der ny kunnskap kan leggast til grunn, t.d.
			Motsegn: planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt, gjennom å markere områda med omsynssoner og tilknytte føresegnar som krev utgreiing i samsvar med krav frå direktoratet for strålevern og atomtryggleik.
			Rår til at plankartet viser alle område med potensiell fare. Saknar synleggjering av område med reell skredfarevurdering.
			Motsegn: Tryggleik mot skredfare er ikkje tilstrekkeleg sikra (ber om at omsynssoner for skred vert merka med kode H310 og at føresegnene vert knytt til aktuell omsynssone, og stille krav til tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3. I tillegg bør plankart og føresegnar skille mellom områder der reell skredfare er avklara og det er naudsynt med tryggingstiltak og område utan avklaring)
			Motsegn: planforslaget sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum- og erosjonsfare jf TEK17 § 7-2, som kan gjerast gjennom t.d. å nytte byggegrenser langs bekkar og vassdrag med henholdsvis 20meter og 50-100meter for mindre og større vassdrag.
			Tilrår at ROS-analysen vurderer om utbyggingsområda har tilfredsstillande tilgang til sløkkevatn, og at krav til sløkkevatn vert sikra gjennom Støy: føresegnene må setje krav om at retningsline T-1442 skal leggast til grunn i alle nye planar og tiltak.
			Motsegn: Skytebane, støytilhåva må avklarast og meir bakgrunnsinformasjon for valgt plassering må gå fram av planforslaget, og viser til kapittel 9.5 i rettleiar m-128 Støy i arealplanlegging. Må også legge inn støysoner langs fv 101.
76	Vedlegg	NVE (vedlagt Fylkesmannen)	Motsegn: Naturfare knytt til potensiale for flaum og skred er ikkje tilstrekkeleg synleggjort og innarbeidd i planframlegget, og omsyn til vassdragsmiljø er ikkje tilstrekkeleg tatt i vare. (NVE Rettleiar 2/2017 vedlegg 1)
			Ber om at det vert lagt ved dokumentasjon på skredfarevurderingar.
			Ber om innlegging av omsynssone for potensiell flaumfare og generelle krav til byggeavstand langs vassdrag for å ta høgde for potensiell flaum- og erosjonsfare
			Burde vere eit kapittel i planomtalen som synleggjer kva område som er omfatta av aktsemdskart for skred og kva område som er gjort reelle skredfarevurderingar for.
			Fareområda må markerast med omsynssone H310 med tilhøyrande føresegnar. Rår til å nummerere omsynssonene for å synleggjere detaljnivå og eventuelle krav til tiltak. Omsynssonene bør ikkje avrensast til byggeområde, men samanhengande soner.
			Krav til utfyllande vurderingar og sikringstiltak må heimlast i plankart og føresegnar.
			Oppsummert motsegn: Skredfare må regulerast med H310 og tilhøyrande føresegnar, flaum og erosjonsfare må regulerast med omsynssone H320 m/føresegnar, evt byggegrense i avstand frå vassdrag. (retningsline 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar)
			Ber om at alle vassdrag som er vist med flate i kartgrunnlaget brukar "bruk ogvern av sjø og vassdrag" med underføremål "friluftsområde"
			Ber om at kva som er meint med "Stordalsvassdraget" i § 1.3 vert definert, altså om det er Stordalselva eller om det også gjeld sideelvene i nedbørsfeltet
			Ber om at det vert lagt inn eit krav om vegetasjonsbelte langs vassdraga jfr vassressurslova § 11. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand enn ved omsyn til tryggleik.
			Oppsummert motsegn vassdrag: Det må gjerast vurderingar av vassdragsmiljø og sett krav om naturleg vegetasjonsbelte (vrl § 11). Det må tydeleggjerast kva areal som er omfatta av "vassdrag" og kommunen bør innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdraga. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter.
			RPR for verna vassdrag skal leggast til grunn i planarbeid knytt til verna vassdrag. Gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø, tjern og inntil 100m frå desse. Arealbruken må ikkje redusere verneverdiane til vassdraget. Planomtalen skal skildre korleis RPR er følgt opp i planen.
			Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.
77	10.05.2019	Fylkeskommune	I konsekvensutgreiinga må ein bruke koder frå plankartet når ein beskriv dei nye områda og dokumentet må ha tittel "planomtale med konsekvensutgreiing"
			Område BFR1: Skeptisk til blanding av bustad og fritid. Rår frå å legge til rette for meir bygging her.
			Område H79 og BFR2: Ber om at BFR2 vert tatt ut av planforslaget med bakgrunn i at det ligg eit stykke frå kjerneområdet for utvikling og utgjør omfattande inngrep i urørt natur. Potensialet som ligg i H79 bør utnyttast før ei utviding bør vurderast.
			Motsegn: Konsekvens av meir tilrettelegging og itlgang til urørt natur må utgreiast ytterlegare knytt til skitrekke og gondol.
			Ber om nøyare utgreiing av tilkomst til ny skytebane. Må teiknast inn i plankart og gjerast juridisk bindande.
			Føresegnene bør utarbeidast etter pbl § 11-9 til § 11-11
			Motsegn: Omsynssoner må få tilhøyrande føresegnar.
			Motsegn: Det må gjerast nærare utgreiing knytt til effekten av å opne for hytter med grunnflate opp til 180 m2 før det vert opna for dette
			Rår til å setje rekkefølgekav på kva områder som skal byggjast ut først.
			Skianlegget som tidlegare var markert som illustrasjon er no teikna inn som juridisk bindande. Dette må forklarast/utgreiast i planomtale.
			Plankartet må innehalde nemningar på arealformål og desse må koplant til konsekvensutgreiinga.
			Motsegn: Reguleringsplanar som framleis skal gjelde må gjerast synleg i plankart med omsynssone 910 og tilhøyrande føresegnar.
			Motsegn: Plankartet må vise freda kulturminner og sikringssone på fem meter jfr. Askeladden og tidlegare sendt SOSI-fil, skulle bandleggast og visast som omsynssone D (sosi H730)
			Motsegn: Kulturmiljø av nasjonal, regional og lokal verdi skulle merkast av som omsynssone C (sosi H570), t.d. Trollkyrkjegarden og område med høgt potensial for arkeologiske funn som t.d. setervollane i Nørdalen.
			Legg vekt på at kulturminna også kan sjåast som ein ressurs, til dømes gjennom skilting og tilrettelegging av turstiar i fjellet
			Minner om at automatisk freda kulturminne er ikkje frigjeve sjølv om kommuneplanen legg til rette for annan bruk,
			Ber om at det vert lagt inn føresegnar knytt til bandleggingsområde på tunet på Jøsvoll (H730) og dei to seterområda (H570) (viser til rettleiar frå varsel om oppstart)
			Oppsummert: Motsegn til manglande KU gondoltrase og utviding skitrekke, omsynssoner utan føresegnar, utgreiing og avgrensing størrelse hytter, gjeldande reguleringsplaner må visast som omsynssone 910 i plankartet, automatisk freda kulturminner må bandleggast og visast som omsynssone D med tilhøyrande føresegnar. Kulturmiljø av nasjonal, regional og lokalverdi må merkast som omsynssone C med tilhøyrande
78	09.05.2019	Kristian Almås	Trase for gondol ligg i eller farleg nær rasområdet for raset frå 1979. Almås har detaljert beskrivelse og dokumentasjon frå skredet.
			Einar Anda skreiv ein rapport om rasproblematikk v hyttefelt H26 Almås-Seljehaug datert 8. sept 1997.
			Ein alternativ gondoltrase via Øranakken vil ligge utanfor rasområdet frå 1979
80	03.05.2019	Arena Overøye	Ber om at område for fjellstove (Liv Marit Holtleite 144/2) blir gjort om til alpinanlegg.
			Ber om at området som er foreslått omgjort frå alpinanlegg (Aarflot 144/8-9) vert bevart som område for alpinanlegg då dette er einaste moglege område som er eigna for framtidig utviding av familietilbodet ved alpinsenteret, t.d. ski-karusell for små born som skal lære seg å stå på ski og flytting av dagens skiband.

Motsegnsoversikt			
#	Instans	Skildring	Endring
1	FM	Areal til fritidsbustad på 158/58, Gondol/skitrekke og vegtrase for skytebane må konsekvensutgreiast	Areal for fritidsbustad er justert tilbake i samsvar med gjeldande plan, konsekvensutgreiinga for gondolen må skje når omfanget er nærare kartlagt, og kravet til KU er derfor lagt til reguleringsplannivå. Tilkomst til skytebane er tenkt gjort over skogsveg godkjend i gjeldande skogsvegplan
2	FM	Føresegnar kan ikkje stille vilkår om utbyggingsavtale, men stille krav om innhald i utbyggingsavtale.	Omskriving av føresegnar i samråd med Bente Kosberg
3	FM	Auke av største BYA frå 200m2 til 250m2 (150 til 180 største bygg)	Forslaget vert trekt. Rev. Planforslag samsvarer med gjeldande plan.
4	FM	Formulering av føresegn knytt til leilegheiter/rekkehus	Rev. Føresegnar understrekar at det må avklarast gjennom reguleringsplan
5	FM	Manglande omsynssoner for Natur- og miljøvern	Omsynssoner er lagt inn i plankartet, og dei har fått tilhøyrande føresegnar
6	FM	BFR2 - Utviding av H79 ved Nakkesætra - Uheldige landskapsverknader	Feltet vert tatt ut av planforslaget for å imøtekome motsegna.

7	FM	BRU1 - Utviding av massetak ved starten på fv101 grunna naturbeitemark	Område for uttak av masser vert justert i forhold til tilgjengeleg informasjonsgrunnlag (trekt vekk frå registrert naturbeitemark), og det er gjennom føresegnene stilt krav om reguleringsplan for utvidinga.
8	FM	BSK1 - Vegtilkomst til skytebana er ikkje avklara i KU og vist i plankartet	Vegtilkomsten er ein skogsveg som ligg i godkjend skogsvegplan og kommunen vurderer det derfor til at det ikkje er behov for KU, men ser fordel av å markere vegtraseen som illustrasjon i plankart.
9	FM	BSK1 - Støytilhøva til skytebana er ikkje avklara	Det vil gjerast støyvurdering av området. Inntil vidare er derfor skytebana teken ut av plankartet.
10	FM	Tryggleik mot magnetfelt - Aktsemdsone med føresegner	Aktsemdssoner er lagt inn i plankartet, og dei har fått tilhøyrande føresegner
11	FM	Tryggleik mot skredfare - Aktsemdsone H310 med føresegner, tryggleikskrav TEK17 § 7-3	Aktsemdssoner er lagt inn i plankartet, og dei har fått tilhøyrande føresegner
12	FM	Tryggleik mot flaum- og erosjonsfare - Byggegrenser langs bekk og vassdrag, tryggleikskrav TEK17 § 7-2	Føresegnene er endra for å ta inn byggegrenser på 20m breidde langs sideelvar og 100m langs hovudløpet.
13	NVE	Dokumentasjon på vurderingar av flaum-, erosjons- og skredfare ligg ikkje ved plandokumenta	Tilgjengeleg dokumentasjon vert lagt ved neste oversending.
14	NVE	Føresegnene må synleggjere krav om naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag jf vrl § 11	Krav om vegetasjonsbelte jf vrl § 11 er lagt inn i føresegnene
15	FK	Manglande KU for gondoltrase og utviding av skitrekk	KU for gondoltrase må skje når fleire av detaljane rundt prosjektet er kjend, og kravet er derfor lagt til reguleringsplannivå. Utviding av skitrekk (mellom Overøye og Mo, tidlegare vist som illustrasjon) er tatt ut av planen.
16	FK	Omsynssoner må få tilhøyrande føresegner	Alle omsynssoner har fått tilhøyrande føresegner
17	FK	Auke av taket på BYA frå 200 til 250 m ² må utgreiast nærare.	Auka frå 200m til 250m som øvre grense for BYA per tomt er tatt ut av planforslaget.
18	FK	Reguleringsplanar som framleis skal gjelde må markerast med omsynssone 910 med tilhøyrande føresegn	Ein ser det mest hensiktsmessig å framstille dette som eige temakart framfor å markere dette i plankartet. Det er derfor utarbeidd eit eige temakart som syner reguleringsplanar som framleis skal gjelde.
19	FK	Automatisk freda kulturminner etter kml, og ei sone på fem meter skal bandleggast med omsynssone D (H730) med føresegner.	Omsynssone H730 er lagt inn med tilhøyrande føresegner
20	FK	Kulturmiljø av nasjonal, regional og lokal verdi skal merkast med omsynssone C (H570)	Omsynssone H7570 er lagt inn med tilhøyrande føresegner.